

Å formulere engasjerande spørsmål og utfordrande påstandar

Å formulere engasjerande spørsmål

Under finn de ei steg for steg-oppskrift som forslag til korleis ein kan formulere spørsmål.

1. **Friskriving**

Tenkeskriv i ca. 3 minutt rundt temaet.

2. **Hovudbodskap**

Samanfatt teksten din frå friskrivinga til ei setning.

3. **Skrive om til eit spørsmål**

Skriv om setninga frå førra punkt til eit spørsmål. Formuler som eit opent spørsmål, ikkje eit ja/nei-spørsmål.

4. **Formulere alternative spørsmål**

Lag alternative spørsmål ved å bruke andre spørjeord eller gjere om setningsstrukturen.

5. **Diskutere og vurdere alternativa**

Gå saman i par og vurder dei ulike alternativa de har kome fram til.

6. **Vel eitt av alternativa**

Bestem deg for det spørsmålet du meiner er best formulert og kan engasjere til fagleg diskusjon.


7. **Grunngi**

Skriv ned kvifor du meiner spørsmålet er godt formulert og korleis det opnar for fagleg diskusjon og kritisk tenking.

Denne oppskrifta eignar seg også godt å gjere saman med elevane for at dei skal utvikle evna til å stille spørsmål som kan hjelpe dei på vegen mot kritisk tenking.

Kjelde:

Flyum, K. H., (2008). En praktisk innføring i Femavsnittsmetoden for fagskriving. I: K. Magelssen, T. M. Løiten & K. Breder, *Skriving i alle fag: Et samarbeidsprosjekt mellom Nadderud videregående skole & Universitetet i Oslo*.



Å formulere engasjerande spørsmål og utfordrande påstandar

Å formulere utfordrande påstandar

Ein påstand er ei ytring eller eit synspunkt ein knyter eit sanningsinnhald (sant/usant) til. Gode argument kan vere med på å underbygge/bevise eller tilbakevise/motbevise påstanden. Under finn de ei steg for steg-oppskrift som forslag til korleis ein kan formulere utfordrande påstandar.

1. **Friskriving**

Tenkeskriv i ca. 3 minutt rundt temaet.

2. **Hovudbodskap**

Samanfatt teksten din frå friskrivinga til ei setning.

3. **Skrive om til påstand**

Formuler ei setning der du påstår noko, bruk presensform av verbet på andre plass. (Eksempel: «Velferdsstaten i Noreg er berekraftig». «Noreg har full likestilling». «Noreg bør bruke mindre pengar på u-hjelp»)

4. **Formulere ulike alternativ**

Lag alternative påstandar ved å endre verbet, legge til nektingsord eller eit framtidsperspektiv/fortidsperspektiv. (Eksempel: Velferdsstaten i Noreg er ikkje berekraftig.)

5. **Diskutere og vurdere alternativa**

Gå saman i par og vurder dei ulike alternativa de har kome fram til.

6. **Vel eitt av alternativa**

Bestem deg for den påstanden du meiner er best formulert og gir størst moglegheit for fagleg diskusjon.

7. **Grunngi**

Skriv ned kvifor du meiner påstanden er godt formulert og korleis den opnar for fagleg diskusjon og kritisk tenking.

Denne oppskrifta eignar seg også godt å gjere saman med elevane for at dei skal utvikle evna til å formulere påstandar eller problemstillingar som kan hjelpe dei på vegen mot kritisk tenking.